



Saksbehandlar: Sissel Brusegård, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 19/8731-15

## **Opplæringstilbodet for skuleåret 2020-2021**

Saka vert lagt fram utan tilråding

### **Vedlegg:**

1. Innspel frå opplæringskontor
2. Avgangselevar i grunnskulen
3. Utlyst tilbod og inntekne elevar per skule skuleåret 2019-2020

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Opplæringstilbodet for skuleåret 2020-2021 skal handsamast i hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune 02.12.2019.

I Opplæringslova §12-4 står:

*«Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for best mogleg dimensjonering av den vidaregåande opplæringa, og gi fylkeskommunen råd om tiltak i samband med den årlege fastsettjinga av tilbod»*

Fagopplæringsnemnda sitt arbeidsutval hadde møte med opplæringskontora 30. september 2019. Tema var innspel til dimensjonering av opplæringstilbodet og tilgangen på lærepassar i dei ulike bransjene. Opplæringskontora vart inviterte til å kome med skriftelege innspel til neste års opplæringstilbod, desse er omtala i saka.

### **2. Føresetnader**

Frå skuleåret 2020-2021 vert *den yrkesfaglege tilbodsstrukturen* endra, og fylkesdirektøren omtalar her dei endringane som vil kunne få innverknader på tilbodsstrukturen i Sogn og Fjordane.

Dei nye læreplanane for vg1 blir innførde frå skuleåret 2020-21, for vg2 frå 2021-22 og for vg3 frå 2022-23.

#### Bygg- og anleggsteknikk

- Ingen endringar på vg1 nivå.
- Eksisterande programområde vg2 byggteknikk vert splitta i vg2 tømrar og vg2 betong og mur.
- Eksisterande programområde vg2 klima,-energi- og miljøteknikk vert splitta i vg2 ventilasjon, membran og taktekking og vg2 røyr.
- Vg2 anleggsgartnar er flytt frå naturbruk til bygg- og anleggsteknikk.

**Service og samferdsel endrar namn til Sal, service og reiseliv**

- Programområda blir vg2 sal og reiseliv, vg2 service og tryggleik
- Vg2 transport vert flytt til utdanningsprogram teknikk og industriell produksjon.

**Restaurant- og matfag**

- Vg2 matfag er delt i to og erstatta av vg2 bakar og konditor og vg2 kjøtfag og næringsmiddelindustri.

**Nytt utdanningsprogram Frisør, blomster og interiørdesign (førebels namn)**

- 3 programområde på vg2: vg2 blomsterdekoratør, vg2 interiør og utstillingsdesign og vg2 frisør.

**Nytt utdanningsprogram Design og tradisjonshandverk**

Dette utdanningsprogrammet går til mange små lærefag

Vg2 industriell møbelproduksjon går ut i ny struktur. (landsdekkande tilbod ved Eid vidaregåande skule) Kan truleg erstattast av vg2 trearbeid i utdanningsprogrammet design og tradisjonshandverk.

**Nytt utdanningsprogram Informasjonsteknologi og medieproduksjon**

- To programområde på vg2; vg2 informasjonsteknologi og vg2 medieproduksjon.

Tilbodet som skal lysast ut må i størst mogeleg grad vere tilpassa venta søker til vg1 (tal avgangselever frå grunnskulen), og vidareføring av tilbod på vg2 og vg3.

Opplæringsretten er knytt til eitt av to utdanningsprogram på vg1, eitt vg2 som bygger på det aktuelle vg1 og vg3 som bygger på aktuelt vg2. Opplæringsretten er ikkje knytt til ein særskilt skule.

Den økonomiske ramma for opplæringstilbodet skuleåret 2019/2020 ser ut til å bli gjennomført på same nivå som for inneverande skuleår.

*Innspel frå opplæringskontora:*

**Bilbransjens opplæringskontor**

Vg2 køyretøy: Held fram med at alle grupper på vg2 køyretøy har 12 elevar, totalt 36 plassar.

Bilbransjen manglar per tida sju lærlingar i desse faga.

Vg2 bilskade, lakk og karosseri

Alle som gjekk ut frå klassen våren 2019 har fått læreplass. Manglar likevel 2 lærlingar i desse faga.

Ser vi litt framover, så kjem der eit nytt fag som heiter «bilpleiefaget», dette faget skal rekruttere frå vg2 «bilskade, lakk og karosseri». Det er ein aukande etterspørsel etter det som bransjen kallar bilpleie i heile landet, og lokalt har opplæringskontoret mange intensjonsavtalar og ser behov for to til fire nye lærlingar kvart år i bilpleiefaget.

Samla vil bransjen ha behov for seks til åtte nye lærlingar kvart år til billakkerar-, bilskade- og bilpleiefaget.

Vg1 TIP

Opplæringskontoret er særstegnede med at det er oppretta ei ny vg1 TIP i Stryn.

Dimensjoneringa på vg1 TIP bør ikkje endrast for kommande skuleår.

Vg1 Elektrofag

I lys av framtidsutsikter med aukande elektrifisering i heile samfunnet, meiner opplæringskontoret at vg1 «elektrofag», som har kryssløp over i andre programområdet, kan brukast som eit «verktøy» til å marknadsføre fleire av yrkesfaga.

Med dette som grunnlag, så ber opplæringskontoret om å vurdere å auke opp tal plassar på vg1 elektrofag. Opplæringskontoret trur ikkje at denne endringa vil ta elevar i frå dei andre vg1 tilboda på yrkesfag.

**Byggmesternes Servicekontor as**

Ønskjer at det blir oppretta ei ekstra gruppe på vg1 Bygg og anleggsteknikk.

**Nordfjord Opplæringskontor**

#### Vg1 TIP

Opplæringskontoret er sære nøgde med at det er oppretta ei ny vg1 TIP i Stryn.

#### Vg1 Elektrofag

Opplæringskontoret meiner det er behov for tre vg1 grupper i Nordfjord, dette for å sikre nok rekruttering til vg2 tilboda.

#### Vg4 påbygg til generell studiekompetanse

Opplæringskontoret meiner at dette må vere tilbod i både Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Til tross for at ein har etablert mogelegheiter for å ta inn elevar på vg4 påbygg til generell studiekompetanse i alle regionane meiner opplæringskontoret at det ikkje er tilstrekkeleg tal plassar i høve etterspurnaden.

### **Opplæringskontoret for anlegg- og bergverkfaga**

#### Vg2 anleggsteknikk

Opplæringskontoret meiner det bør aukast opp med ei halv gruppe i vg2 anleggsteknikk og ei halv gruppe på anleggsgartnar. Fleire av medlemsbedriftene har lærlingar i anleggsgartnarfaget og fleire ønskjer lærlingar i faget.

Opplæringskontoret seier at behovet for lærlingar er stort og klarar å ta i mot alle som kvalifiserer seg.

### **Opplæringskontoret for bygg- og anleggsteknikk**

I Bygg- og anleggsfaga er det stor mangel på arbeidskraft og lærlingar. Dette gjeld i alle våre fag men spesielt innan betong, tømrar og røyr.

#### Vg1 Bygg- og anleggsteknikk

Aukast opp med ei gruppe med følgjande fordeling;

5 grupper Mo og Øyrane, 4 grupper Sogndal, 2 grupper Florø, 1,5 gruppe Stryn og 1 gruppe Måløy vidaregåande skular.

#### Vg2 bør ha 12 grupper med følgjande fordeling;

Byggteknikk 7 grupper; 2 grupper på Mo og Øyrane og Sogndal, 1 gruppe i Flora, Måløy og Stryn.  
Anleggsteknikk 3 grupper; 2 grupper på Mo og Øyrane vidaregåande skule og 1 gruppe på Sogndal vidaregåande skule.

Klima miljø (KEM); 2 grupper; 1 gruppe på Flora vidaregåande skule og 1 gruppe på Sogndal vidaregåande skule.

### **Opplæringskontoret for elektrofag**

#### Vg1 elektro

Opplæringskontoret meiner at tilboden bør aukast med ei gruppe. Opplæringskontoret legg til grunn at ein må ta høgde for avskaling og kryssløp til andre fag.

#### Vg2 elenergi

Opplæringskontoret meiner at seks grupper er rett dimensjonering.

#### Vg2 automasjon

Tilboden bør vere som i dag med to grupper.

#### Vg2 Data og elektronikk

Opplæringskontoret meiner tilboden bør vere som i dag.

### **Opplæringskontoret for fiskeri- og havbruk**

#### Vg1 Naturbruk

Veldig positivt at det blei auka med 6 plassar på vg1 førre år. Opplæringskontoret meiner tida no er inne til å auka med 6 plassar til, slik at det vert to grupper ved Måløy vidaregåande skule.

#### Vg2 Maritime fag

Tilboden bør vere som i dag med to grupper.

#### Vg2 Fiske og fangst

Det er i år teke inn 9 elevar og opplæringskontoret seier at det ikkje vil vere noko problem å formidla desse. På sikt bør det vere 1 gruppe på fiske og fangst for å dekke næringen sitt behov.

**Vg2 Akvakultur**

Det er teke inn 10 elevar i år og opplæringskontoret seier at det ikkje vil vere noko problem å formidla desse. På sikt bør det vere 1 gruppe på akvakultur for å dekke næringen sitt behov.

**Opplæringskontoret for hotell- og matfag**

Fylkesdirektøren har ikkje motteke innspeil til sak om opplæringstilbodet.

**Opplæringskontoret for offentleg sektor**

Opplæringskontoret ønskjer at dagens dimensjonering innan helse og oppvekst blir vidareført.

**Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri**

Vg1 TIP

Opplæringskontoret meiner det er viktig å sjå samanhengen mellom vg1 grupper i TIP og tal vg2 det skal rekrutterast til.

**Vg2 kjemi prosess**

Det bør arbeidast med å etablera tilbod i kjemi prosess i Sunnfjord regionen i tillegg til gruppa i Årdal. Opplæringskontoret seier dei kvart å rekrutterer lærlingar frå Hordaland og Rogaland.

**Vg2 Industriteknologi**

Per dato har vi behov for 60-70 lærlingar i dei ulike faga som rekrutterer frå vg2 industriteknologi. Opplæringskontoret melder at dei framleis har ledige læreplassar.

Opplæringskontoret opplever det som krevjande at det ikkje er tilbod om vg2 industriteknologi ved Sogndal vidaregåande skule og det er utfordrande å skaffa lærlingar til industrien i f. eks. Vik, Luster og Sogndal. Det bør opprettast ei gruppe vg2 industriteknologi ved Sogndal vidaregåande skule.

**Vg1 service og samferdsel og vg2 sal, service og sikkerheit**

Det er viktig at tilboden er søkbart i heile fylket. Opplæringskontoret seier det er eit stort behov i handelsnæringa i Sunnfjord regionen og at det framleis er ledige læreplassar.

**Opplæringskontoret for transport og logistikk**

Vg1 TIP

Det er viktig at vg1 dimensjoneringa og spesielt at vg1 TIP står i forhold til vg2 tilboda som formidlar alle elevar til bedrift.

**Vg2 transport og logistikk**

Dagens tilbod med 3 grupper må vidareførast, 1 gruppe i Førde, Sogndal og Stryn, ein kan gjerne auke med ei gruppe. Næringa har eit stort behov for lærlingar og tek i mot alle som kvalifiserer seg.

Opplæringskontoret seier at det er behov i persontransport- og lastebilnæringane for 70-80 nye sjåførar/lærlingar kvart år og dei neste fem åra.

**Sogn Opplæringskontor**

Vg1 TIP

På bakgrunn av at også Vg2 Transport og logistikk skal rekruttere frå Vg1 TIP i ny yrkesfagleg struktur, ser opplæringskontoret det som heilt naudsynt å auke tal grupper/klassar på Vg1 TIP i Sogn. Det er allereie for få elevar som vel vg2 industriteknologi og vg2 kjemi prosess, og dette vil eskalere ytterlegare i tida som kjem når det framover blir endå fleire vg2 tilbod som konkurrerer om elevane frå vg1 TIP. Opplæringskontoret melder at dei i tida framover ser behov for mellom 10 -15 lærlingar årleg frå vg2 industriteknologi og 10 -12 lærlingar årleg frå vg2 kjemi prosess. Opplæringskontoret kunne i år ha teke inn langt fleire lærlingar frå vg2 industriteknologi.

Dei andre yrkesfaglege utdanningsprogramma er rett dimensjonert i dag etter det behovet opplæringskontoret ser.

**4. Erfaringar frå arbeidet med formidling til læreplass i 2019.**

Ved skulestart vart alle søkerar utan læreplass kalla inn til informasjonsmøte på dei vidaregåande skulane. Møte omhandla vg3-tilbod i skule og samtale med arbeidslivskontakten.

30. august stod det att 48 søkerar med ungdom- og fullføringsrett utan læreplass. Dette er ein nedgang på 10 i høve til året før. Dei nærmeste vekene etter dette fekk fleire søkerar tilbod om lære- eller skuleplass, men i ein del lærefag har det vore vanskeleg å få læreplass til alle.

I år hadde vi 10 utan læreplass i elektrofaga, 10 innan helse- og oppvekstfaga og 9 innan byggfaga og anleggsfaga. Elles fordeler resten seg relativt jamt på programområda. Søker til læreplass har rett på eit tilbod. Dei som ikkje får tilbod om læreplass i bedrift har rett på alternativ opplæring, vg3 i skule. Fylkeskommunane samarbeider om slike tilbod for at flest mogeleg kan gjera seg nytte av tilboda som vert sett i gang.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har starta opp vg3-tilbod innan elektrofaga. Innan helse har alle fått tilbod om vg3 i skule – her i nært samarbeid med bedrifter slik at elevane er mykje ute i praksis. I enkeltfaga blir det individuelle opplegg, der elevane har store delar av opplæringa ute i bedrift.

30. august var det 29 vaksne utan læreplass. 18 innan helsefaga og 10 innan industri- og byggfaga.

Fylkesdirektøren merkar seg at liten mobilitet blant søkerane til læreplass kan vere til hinder for at dei tek i mot læreplassen. Samstundes ser ein at deler av næringane kun ønskjer å rekruttere lokalt, slik at søkerar vert ståande utan tilbod om læreplass. Denne problemstillinga er nasjonal og er vel så krevjande som mangelen på læreplassar.

#### **4. Fylkesdirektøren sine vurderingar**

Fylkesdirektøren registrerer at det i innspela frå arbeids- og næringslivet er peika på at innan TIP faga er det for få søkerar i høve til læreplassar. Dei fleste andre faga/bransjane er det bra samsvar mellom kapasiteten i skule og tilgangen på læreplassar. Samstundes er det ingen av innspela som kommenterer ei samla vurdering av opplæringstilbodet, eller korleis ein skal løyse utfordringa i dei faga der det ikkje er samsvar mellom tal elevar som har søkt læreplass og dei læreplassane som er tilgjengeleg. Fleire av opplæringskontora peikar på viktigheita av at fleire vel yrkesfag når dei startar i vidaregåande opplæring.

Fylkesdirektøren legg saka fram for fagopplæringsnemnda utan tilråding.